

# Årsmelding for Handarbeidslaget Sans og Samling 2024

## Organisasjon

I 2024 vart det halde årsmøte på Sognefjord hotell 13. februar.

Styret såg slik ut etter årsmøtet:

- Sigrun Espe (leiar) – vald i 2024 for 1 år
- Liv Torill Espe – vald i 2023 for 2 år
- Marit Anita Skrede – vald i 2023 for 2 år
- Dorteia Rennestraum Alisøy – vald i 2024 for 2 år
- Grethe Buene – vald i 2024 for 2 år
- Susan Husabø (vara) – vald i 2024 for 1 år

Valnemnda:

- Sigrid Svartefoss vald i 2024 for eitt år
- Anne Margrethe Stenstadvold vald i 2024 for to år.

## Butikken Sans og Samling

Ein av hovudaktivitetane til handarbeidslaget er å drive heimeproduktbua Sans og Samling. Her kan både medlemmar og andre levere inn heimelaga produkt som dei ønskjer å selje. Handarbeidslaget tek 10% av salsprisen på produkt som medlemmane sel og 30% på produkt frå andre. Total omsetjing var i 2024 kr 54 527.

I 2024 har butikken vore open laurdagar frå 11-14. Nokre få gonger har vi vore to på butikken, og dette har fungert bra. Vi har mellom anna forsøkt å få til dette laurdagar i desember. Då kan vi trekke butikken ut på gata, yte litt ekstra service og nå ut til litt fleire. Men det er utfordrande når vi har så få som tek butikkvakter.

I november lanserte vi eit nytt tilbod: sal av heimelaga ting som har vore brukt. Handarbeidslaget Sans og Samling vil forsøke å sikre at heimelaga klede og utstyr kan leve så lenge som mogeleg. Dette er bra for klimaet og for lommeboka. Det har vore ein ganske forsiktig start av denne satsinga, men vi satsar på å utvide i 2025.

I 2024 var det berre 10 frivillige som tok vakter i butikken (alt frå ei til 19 (!) vakter). Vi har ei lukka Facebook-gruppe for alle frivillige som tek butikkvakter. Det har fleire år vore relativt få som tek på seg butikkvakter, og vi har ikkje lukkast med å få fleire frivillige til å stille opp. Vi er stadig på jakt etter løysingar og initiativ for å få fleire med.

## Aktivitatar

### Sykveldar

Sykveldar er ein av våre faste aktivitatar som vi vanlegvis har både vår- og hausthalvåret. Vi held på ein fast dag og ein fast tidspunkt: Tysdagar i partalsveker på barneskulen. Sykveldane er opne for alle, og dei siste åra har alle sjølve teke med kaffe og eventuelt kaffimat. Liv Torill Espe har hatt hovudansvar for sykveldane.

## **Strikkekafé**

Vi har samarbeida med Leikanger Frivilligsentral om å arrangere strikkekafé i lokala deira i Saften annakvar tysdag dei vekene vi ikkje har sykveld. Det har vore gradvis aukande deltaking gjennom heile 2024. Sigrid Svartefoss og Grethe Buene har hovudansvar for strikkekafeane.

## **Mini-sykurs**

Hausten 2024 arrangerte vi eit uformelt mini-sykurs i lappeteknikk/quilting. Handarbeidslaget Sans og Samling stilte med stoff, oppskrifter, lokale og ressurspersonar som delte tips og råd. Dette var gratis for medlemmar, og kosta kr. 200 for ikkje-medlemmar.

## **Strikkepub**

Fredag 1. mars og fredag 26. april inviterte vi, saman med Sognefjord hotell, til strikkepub. Det var godt oppmøte, og god stemning. Dei fleste hadde med strikkeset, nokre sydde eller broderte, og andre tok seg berre eit glas og skravla. Akkurat slik vi ville det skulle vere.

## **SommarMoro**

I samband med kommunen si satsing på barn og unge i skuleferien arrangerte vi to aktivitetar: Hoppetauverkstad laurdag 29. juni og strikke- og heklekurs for born og unge tysdag 23. juli. Det var berre to påmeldte på kurset i slutten av juli, men ein del fleire som var innom og laga hoppetau i slutten av juni.

## **Surdeigskurs**

Søndag 3. mars arrangerte vi surdeigskurs på skulekjøkkenet på Leikanger ungdomsskule. Dette kurset var gratis for medlemmar, og kosta kr. 100 for andre. Det var eit veldig populært kurs, og vart fullteikna med over 20 deltakarar. Kurshaldarane var Ingvild Andersen og Mie Dahl Pind.

## **Fermenteringskurs**

Torsdag 29. august arrangerte vi fermenteringskurs. Kurshaldar var Mathilde Buch Larsen frå Bøtun marknadshage. Dette kurset vart også fullteikna, og det var 20 som meldte seg på. Alle deltakarane fekk med 2 ulike fermenterte variantar, ein surdeig og oppskrifter. Kurset har vanlegvis ein pris på kr. 900, men vår pris var kr. 400 for medlemmar og kr. 700 for ikkje-medlemmar.

## **Fruktbare dagar**

Laurdag 5. oktober var det Fruktbare dagar og torgdag. Vi flytta butikken vår ut på gata saman med dei andre torgseljarane, men det var ganske dårleg vær. Det var greitt sal denne dagen.

## **Julemarknad og julegrantenning**

Handarbeidslaget Sans og Samling deltok på julemessa på Villmarka laurdag 30. desember og stilte med søndagsopen butikk i samband med julegrantenning same ettermiddag.

## **Medlemsutvikling**

Handarbeidslaget hadde ved utgangen av 2024 52 medlemmar. Dette var ei god auke frå året før, og medlemsauka kom i samband med kurs og arrangement.

## **Økonomi**

Handarbeidslaget har hatt inntekter frå kontingentar, sal i butikken og tilskot til SommarMoro frå kommunen. Vi har også brukt midlar som vi fekk i 2023 frå Sture Husabøs legat for å styrke tilbodet kring handarbeid, kreative aktivitetar og aktivitetsbaserte møteplassar.

Våre utgifter er til husleige, straum, kurs og ulike nødvendige innkjøp til å drifte butikken og arrangere aktivitetar.

Sjå rekneskapen for meir informasjon om handarbeidslaget sine inntekter og utgifter.